

Nordfjord Golfklubb,  
Stokkenes,  
6770 NORDFJORDEID

mob.: 481 12 260  
e-post: post@norgolf.com website: www.norgolf.com

## 2004- Årsmøte i Nordfjord Golfklubb

Årsmøtet vart halde på Nordfjord Hotell, fredag 25.02.2005 frå kl 19:00 til 20:00 med 9 frammøtte. Frå styret møtte Kent Tryggestad og Knut Rønnestad. Årsaka til det beskjedne frammøte, var nok ein kombinasjon av vinterferie og fint vær. Årsmøte-deltakarane vart ynskje velkomen av styreformann Kent Tryggestad.

### Sakliste:

1. Godkjenning av innkalling og dagsorden.
2. Val av møteleiar, referent og 2 medlemar til å skrive under protokollen.
3. Styret si årsmelding.
4. Rekneskap og budsjett.
5. Bruk av disponible midlar.
6. Fastsetjing av arbeidsplan for komande år.
7. Val av leiar.
8. Val av styremedlemar og 2 varamedlemar.
9. Eventuelt.

## Protokoll

### 1. Godkjenning av innkalling og dagsorden.

Innkalling til årsmøte og sakliste var annonsert i rett tid før årsmøtedato i Fjordabladet. Ingen hadde merknader til innkalling og dagsorden.

### 2. Val av møteleiar, referent og 2 medlemar til å skrive under protokollen.

Årsmøtet valde samrøystes:

Møteleiar,	Kent Tryggestad
Referent,	Knut Rønnestad
Protokollunderskriving,	Kent Tryggestad og Knut Rønnestad

### 3. Styret si årsmelding.

Styret si årsmelding vart opplesen av møteleiar og samrøystes godkjend.

### 4. Rekneskap og budsjett.

Helge Haugland har lagt ned ein stor jobb for å implementere nytt rekneskapsprogram. Han presenterte rekneskap og budsjett for årsmøtedeltakarane.

Rekneskapen viste eit årsresultat på kr. 98.118,- med ei omsetnad på 1.020.948,-.

Budsjetter for sesongen 2005 er stramt. Det er ikkje lagt opp til nyinvesteringar i 2005 og i tillegg satsar vi på å nedbetale lån. I 2005 budsjetterer vi med ein omsetnad på kr. 1.050.000,- og eit årsresultat på kr. 432.000,-. Av årsresultatet er det budsjettert ei overføring, som baneleige, til Stokkenes Golfpark BA på kr. 400.000,-. Rekneskap og budsjett vart samrøystes godkjend

### 5. Bruk av disponible midlar.

Årsmøtet gjorde vedtak om at disponible midlar skal nyttast slik budsjettet viser.

## 6. Fastsetjing av arbeidsplan for komande år.

Kent Tryggestad informerte årsmøtedeltakarane om planane som styret har lagt for sesongen 2005:

- Toalett- delen i garasjen skal etter planen stå ferdig til sesongstart. Her er vi avhengig av å få lagt fram vatn- og avløpsrør.
- Styret har planlagt å få laga pumpehus til det nye vatningsanlegget.
- I samband med at styret ønskjer å satse på rekruttering av lokale medlemar, informerte Kent Tryggestad om arbeidet som er gjort i høve til skulane i Eid. Det er sendt ut skriv til Eid vidaregåande skule og Eid ungdomsskule. Styret er i dialog med rektorane for å prøve å få golf inn som valfag i skulane.

## 7. Val av leiar.

Årsmøtet gjorde samrøystes vedtak om attval av Kent Tryggestad.

## 8. Val av styremedlemar og 2 varamedlemar.

Valnemnda har bestått av Erling Hjelle, Per Jan Nesbakk og Øystein Nesse. Nemnda har gjort ein svært god jobb og valet blei gjennomført utan vanskar. Årsmøtet gjorde ikkje val av leiarar i komitéane og gjorde vedtak om at dei skal konstituere seg sjølve på fyrste komitémøte.

I det sittande styret stod alle medlemmane på val. Årsmøtet følgde valnemnda sine instillingar og valde inn ny kasserar, Helge Haugland, som erstattar for Pål Tore Jacobsen. Som representant for grunneigarane vart Gitta Sas ter Stege ny representant i staden for Stephan ter Stege. Vara Torbjørn Jacobsen vart samrøystes vald for 2 nye år.

Det vart ikkje dei store endringane i komitéane, men Tom Skjerven takkar av som leiar i marknadskomitéen. Årsmøtet synes det var synd at Tom ikkje kunne stille på nytt, for har gjort ein framifrå jobb i gruppa. Kari Hjelmeland kunne heller ikkje stille på nytt i marknadskomitéen og valnemnda si innstilling om nytt medlem, Bjørn Lien, vart samrøystes godkjent. Årsmøtet gjorde samrøystes vedtak om å velje inn ein ny representant i damegruppa, Gitta sas ter Stege. Årsmøtet gjorde samrøystes vedtak om Elias Nes inn som ny representant i banegruppa.

## **Valprotokoll 2005**

Gruppe	Verv	2004	På val
Styre	Leiar	Kent R. Tryggestad	2006
	Nestleiar	Tom Skjerven	2007
	Sekretær	Knut Rønnestad	2007
	Kasserar	Helge Haugland	2007
	Medlem	John Matias Garlid	2007
	Medlem	Åse Skaugseth	2007
	Medlem	Svein Fjørtoft	
	Medlem	Gitta sas ter Stege	
	Vara	Tove Skau	2006
	Vara	Torbjørn Jacobsen	2007
Grøntkort/ Handikapkomité		Dagfinn Gjerde	2007
		Knut Rønnestad	2007
		Kent R. Tryggestad	2007
Marknadsgruppe		Bjørn Lien	2007
		Rune Sunde	2006
		Helge Haugland	2006

Sportskomité		Knut Rønnestad Tore Naustdal Jan Skogstad Torodd S. Nord Torbjørn Jacobsen	2007 2007 2007 2007 2007
Banekomité		John Matias Garlid Per Bergheim Ivar Bjarte Nord Dagfinn Gjerde Elias Nes Svein Fjørtoft Gitta sas ter Stege	2006 2006 2006 2007 2007
Damegruppe		Åse Skaugseth Torill Fjørtoft Tove Skau Gitta sas ter Stege	2006 2006 2006 2007
Idrettsrådet		Torill Fjørtoft	2007
Skulekontakt		Alf Werner Karlsen	2006
Revisor		Rune Totland	
Valnemnd	Leiar	Erling Hjelle Per Jan Nesbakk Einar M. Sandven	2006 2007 2007

## 9. Eventuelt.

- Styret informerte om søknad om spelemidlar. Søknaden har vore behandla i kommuna utan merknadar. Vi kan ikkje vente tilsegn om spelemidlar før tidlegast i 2008-2009.
- Styret ønskjer at alle som spelar på bana skal skrive seg inn i baneboka, også lokale medlemmar som har kjøpt greenfee årskort eller har spelerett gjennom andelsbrev. Det er svært viktig at vi i år får kontroll med dei som spelar på bana og signaliserer at det i år vert hyppige kontrollar for å få bukt med spelarar som ikkje betalar for seg.
- Styret har vore i kontakt med Toralv Maurstad om å få nytte namnet hans i ei turnering. Han var positiv til dette og styret ser føre seg at sportsgruppa startar med planlegging av eit slikt arrangement. Årsmøtet meinte at ei slik turnering kunne skape blest i samband med opning av den nye bana.
- Årsmøte foreslo å arrangere ein "Nordvest Cup" i samarbeid med ein eller fleire naboklubbar. Konkurransen kunne arrangerast over ei helg med konkurranseform som lag- match (Ryder Cup)
- Når snøen etterkvart forsvinn vert det trong for ein stordugnad for å få rydda bana. Årsmøtet foreslår at banekomitéen sender ut innkalling til lokale medlemmar. Til faste dugnadar meiner årsmøtet at innkalling av lokale medlemmar ein eller to gongar i løpet av året kunne vere greitt. Det kan vere vanskeleg for mange medlemmar å stille på dugnad i helgane og årsmøtet foreslår også å nytte kveldstimar, yrkedagar.

Nordfjordeid, / -2005

Nordfjordeid, / -2005

.....  
Kent Tryggestad

.....  
Knut Rønnestad